

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 168/2016

2018/EØS/19/05

av 23. september 2016

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/600 av 15. april 2016 om endring av vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Romania⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 7.2 nr. 49 (kommisjonsvedtak 2007/453/EF), skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32016 D 0600**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/600 av 15. april 2016 (EUT L 103 av 19.4.2016, s. 41).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/600 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2016, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 103 av 19.4.2016, s. 41.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 23. september 2016.

For EØS-komiteen

Bergdís Ellertsdóttir

Formann